

## **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.01.2018**

### **Orienteringar:**

- Planar om samlokalisering av fagskulane i Hordaland v/ Odd Bjarne Berdal, regionleiar Opplæringsavdelinga.
- Hvordan gjøre kultur- (herunder museer) og idrettsaktiviteter mer tilgjengelig for mennesker med nedsatt funksjonsevne? v/Bjørg Larsen, seniorrådgjevar v/Kultur og idrettsavdelinga.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ei orientering om fylkeskommunen sitt arbeid med Regional plan for folkehelse 2014-2025, Handlingsprogrammet. Det er eit ønskje om ei orientering om status i saka og generelt om arbeidet med folkehelse, på eit av møta i RMNF.

### **Utvalsleiar** sette fram følgjande forslag:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) går saman med Kultur og idrettsavdelinga om å halde ein temadag for RMNF i året 2019, der kultur og Universell utforming er hovudtema.

RMNF ønskjer ein dialog med Kultur og idrettsavdelinga.

### **Røysting**

Utvalsleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) går saman med Kultur og idrettsavdelinga om å halde ein temadag for RMNF i året 2019, der kultur og Universell utforming er hovudtema.

RMNF ønskjer ein dialog med Kultur og idrettsavdelinga.

### **Ad. sak PS 44/17 Opprettning av brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4:**

Det vert vist til vedtak i saka, oppnemning av kandidatar til brukarmedverknadsgruppa. RMNF har motteke mail frå Bybanen Utbygging den 23.01.2018. RMNF beden om peika ut 3 personar til brukarmedverknadsgruppa. Bybanen utbygging hadde behov for ei brukarmedverknadsgruppa angåande mogelegenhetstudie for lydsignalering for kryssing av Bybanen. (Gruppe 1)

RMNF vart og beden om å oppnemne ei brukargruppe med 3-4 representantar som kan famne dei fleste behov for brukarar med nedsett funksjonsevne. Denne brukargruppa ønskjer Bybanen Utbygging å informere og drøfte løysingar med/få innspel på den enkelte haldeplass i byggetrinn 4 – mot Fyllingsdalen. Ei utfordring i dette bygetrinnet vil vere underjordisk haldeplass ved Haukeland sjukehus, med mellom anna rulletrapper og heisar. (Gruppe 2)

### **Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til gruppe 1:

- Matthias Viktorsson (Kommunalt Råd Bergen/FFO)
- Heine Oen (FFO)
- Lian Ching Lech (Safo/Handikapforbundet)

### **Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til gruppe 2:

- Matthias Viktorsson (Kommunalt Råd Bergen/FFO)

- Heine Oen (FFO)
- Lian Ching Lech (Safo/Handikap forbundet)
- Harald Norheim (RMNF/SAFO)

## Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Gruppe 1:

- Matthias Viktorsson (Kommunalt Råd Bergen/FFO)
- Heine Oen (FFO)
- Lian Ching Lech (Safo/Handikap forbundet)

Gruppe 2:

- Matthias Viktorsson (Kommunalt Råd Bergen/FFO)
- Heine Oen (FFO)
- Lian Ching Lech (Safo/Handikap forbundet)
- Harald Norheim (RMNF/SAFO)